

## Referat frå prosjektmøte på Skei 31.1. 2018

Deltakarar på møtet:

Eid: Eirik Hauge, Marte Lindberg og Asbjørn Tverberg

Årdal: Jan Roy Dalheim

Hyllestad: Margunn Hyenes og Idar Blom

Stryn: Lisbeth Lervik Helset, Odd Rønningen

Gloppen: Lindis Bergland (utmarksforvaltar i Gloppen og Eid), Birte Fossheim

Fylkeskommunen: Mari Johansen Aune, Mie Dahl Pind

Vestlandsforskning: Carlo Aall, Idun A. Husabø, Kyrre Groven

Høgskulen på Vestlandet: Eli Heiberg

### 1. Status lokalt

Carlo forklarte status for prosjektet. NVE si fagsamling 30.-31. januar 2018 var den tredje samlinga i Grønt skifte-prosjektet.

**Eid:** Revisjon av klima- og energiplan. Kommunesamanslåinga (2020) tek mykje tid. Politisk vedteke å utarbeide strategidelen av ein energi- og klimaplan. Sjølve planen med detaljar om tiltak blir utsett til etter samanslåinga. Plan og utvikling skal slåast saman i vår, og det blir då aktuelt å sjå på kva ein kan gjere i lag.

**Årdal:** Revisjon av klima- og miljøplan. Berre Dalheim jobbar med dette feltet no. Arbeidet har difor stoppa heilt opp. Ser etter student som kan ta arbeidet vidare, t.d. som sommarjobb.

**Hyllestad:** Revisjon av samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Dagsmøte i Sogndal i januar 2018, og planforum med fylkeskommunen der m.a. Vestlandsforskning og fylkesmannen deltok. Kommentar frå Mari: Det går an å ta opp tema i planforum viss kommunen opplever at dei står litt fast. Mange aktørar kan inviterast dit. Carlo: Kjekt og nyttig å ha Hyllestad på besøk ein heil dag.

**Stryn:** Tanken var å kople arbeidet til kommunedelplanen for Oppstryn. To nyoppstarta prosjekt gjennom klimasats-ordninga, med Vestlandsforskning som konsulent på begge. Det første dreier seg om klimavenleg tettstadsutvikling i Oppstryn. Må finne ut korleis få klima inn i føresegnene i planen? Det andre prosjektet ser på transport av cruiseturistane i Oldedalen (Grøne dalar). På oppstartmøtet i dette prosjektet var det mykje skepsis frå reiselivsaktørar da det vart foreslått å stenge Oldedalen for fossildrivne køyretøy. Status: Planprogrammet for KDP Oppstryn er på høyring, vedtak på neste møte. Planforum aktuelt, truleg til sommaren (helst før offentleg ettersyn). Kommentar frå Mie: Viss klima er temaet, inviterer vi Vestlandsforskning pga. dette samarbeidet.

**Gloppen:** Ein del av revisjon av samfunnsdelen i kommuneplanen. Kommunen har fått ei eiga, tverrfagleg arbeidsgruppe pga. prosjektet. Jobbar vidare med tema og idéar frå prosjektet i t.d. Nordfjordrådet (innkjøp, tettstadutvikling m.m.).

Kan òg bli aktuelt å revidere energi- og klimaplan. Carlo: Jobb med det de ønskjer. Klima skal inn mange stader. Mange spin off-effektar. Gloppen har t.d. meldt seg på eit prosjekt for å korte ned køyreavstandar i landbruket.

Aktuelt med planforum for arealdelen hausten 2018.

## **2. Skog og skred – presentasjon ved Eli Heiberg (HVL)**

Typisk i Norge: busetnad nedanfor ei li der det blir teke ut skog. Det finst ingen reglar for korleis skog skal hoggast. Skredfare blir oftast vurdert ut frå skogen sin tilstand.

Ofte stolar ein for mykje på at skogen vernar mot skred. Effekten er positiv, men skogen må stå i potensielle løснеområde. Skog kan bli meidd ned av store skred. Trea kan òg verke destabiliserande (t.d. ved rotvelt).

NGI har laga eit forslag til kriteriar for vurdering av skog som verneskog mot skred (2013). Viser at det er langt større fare for jord- og flaumskred på opne flater enn i område dekte av skog. Jordskred etter snauhogst er òg eit kjent fenomen. T.d. England i Sogndal, snauhogst med Round-up. Carlo: 25 prosent av dagens drivverdige, planta skog på Vestlandet kan gje skredfare.

Ulike faktorar bestemmer kor godt skogen vernar mot skred, t.d. kronedekning, treslag, trehøgde, diameter på trea, død ved og stubbar. Barskog best mot snøskred, lauvtre knekker mindre mot steinsprang sjølv om grov skog kan verne. Blandingsskog mot jordskred pga. vern mot erosjon (slepper inn meir lys, som gir meir botnvegetasjon). Ein bør forske på korleis skogen bør stellast for å bevare vernet mot skred.

Etter hogst tek det 20 år å oppnå ny vernskogfunksjon. Pålegg om planting 3-5 år etter hogst (skogslova) blir ikkje følgt. Behov for gulrøter for å få ting til å skje.

Endra forskrift om planlegging og godkjenning av skogsvegar (2015). Det skjer mykje i regi av m.a. NVE no.

Stryn: Problem at skogen er premiss for skredfarevurderinga NGI/NVE har gjort (fekk ikkje tatt ut skogen). Eli: Uansett er det mykje billigare å la skogen stå som vern for busetnaden enn å ta han ut. Carlo: Skogen er ein-aldra, så når trea dett/bles ned, er det ingen yngre tre imellom som tek over.

## **3. Rapportering**

Idun A. Husabø ved VF sender ut skjema for rapportering av eigeninnsats i 2017, både til FK og kommunane. RFF vest krev denne informasjonen av oss, og vi har alt fått ny frist.

Ein kontaktperson i kvar kommune, frist 15. februar (Birte Fossheim i Gloppen, Idar Blom i Hyllestad, Odd Rønningen i Stryn, Jan Roy Dalheim i Årdal, Roar Sætre i Eid)  
VF sin frist: 20. februar

#### **4. Vidare arbeid**

- Lokale analysar og rettleiing
- Klimaomstilling 2018: 24.-26. april
- Fjerde samling i prosjektet handlar om nullutslepp (august, viss forlenging av prosjektet)
- Kommunane gjer ferdig lokale omstillingsstrategiar
- Evaluering med intervjurunde vinter/vår 2018-19

#### **5. Presentasjon om nullutsleppstemaet ved Carlo Aall**

Stikkord: Kva utslepp skal med? Materiale frå forskning på husstandar i Bergen. «Klimaspelet», som kommunane skal prøve i prosjektet for å jobbe med prioriteringar.

#### **6. Evalueringsrunde**

Korleis var samlinga?

Tematikken med fjordfront og elvemunning og havnivåstiging er ikkje NVE sitt ansvar, men DSB sitt. Kan Grønt skifte dekke temaet?